

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Høyringsvar- NOU 2009:18 Rett til læring

Vi viser til NOU 2009: Rett til læring og Stortingsvedtak 349 og 350 datert 27.05.2009

ISAAC (International Society for Alternative and Augmentative Communication) er ein internasjonalt organisasjon som har som mål å arbeide for at personar med kommunikasjonsproblem skal ha reell mulighet til å nytte alternative og supplerande kommunikasjonsformar (ASK) i kvardagen sin.

Stortingsvedtak

27.05.09 fatta Stortinget to samrøystes vedtak; **vedtak 349 og 350**. Dåverande kunnskapsminister Bård Vegard Solhjell uttalte i den samanheng at Stortingsvedtaka skulle følgjast opp av Midtlyngutvalet. ISAAC Norge har lest NOU 2009:18 Rett til læring, og kan ikkje sjå at utvalet har behandla desse to vedtaka.

Vedtak 349: *”Stortinget ber regjeringen vurdere endring i opplæringsloven slik at elever som trenger utvikling i talespråk, tegnspråk, alternativ kommunikasjon, supplerende kommunikasjon, eller en kombinasjon av disse, sikres likeverdige retter i lovverket.”* ISAAC Norge kan ikkje sjå at utvalet har handsama spørsmålet om menneske sin likeverdige rett til språk i meldinga. Handsaminga av rett til språk høyrer heime i ei språkmelding og ikkje i ei melding om spesialundervisning, så vi vil derfor framheve at det er svært viktig at følgjande tema vert teke opp i ei eiga utgreiing:

At menneske i alle aldrar som treng ASK vert sikra rett til språk og språkopplæring gjennom ein eigen paragraf i opplæringslova.

Ein rett til språk for grupper som treng det, må følgjast opp av ein paragraf som sikrar at familie og nærpersonar til menneske som treng ASK får opplæring i personen sine språklege uttrykk på line med familie og nettverk til tegnspråkbrukarar. Familie og nettverk rundt barn som nyttar tegnspråk er sikra 40 veker gratis opplæring i barnet sitt språk. Statped har ansvar for opplæringstilbodet til tegnspråkbrukaren sin familie og nettverk. Foreldre til barn som treng ASK og nettverket deira må sikrast eit likeverdig opplæringstilbod i barnet sitt språk, og det må greiast ut nærare kva for instansar som skal ha ansvaret for eit slikt opplæringstilbod.

Fagpersonar som skal ha ansvar for å gi språkopplæring til barn, unge og vaksne som treng ASK, må ha krav til å inneha fagkompetanse på ASK, tilsvarande krav om tegnspråkleg kompetanse. I dag er der subsidierte utdanningar i tegnspråk ved universitet og høgskular, medan ASK-utdanning i Norge i dag berre er tilgjengeleg ved ein høgskule som eit dyrt betalingsstudium. Utdanning i ASK må bli tilgjengeleg og subsidierast på lik line med utdanning i tegnspråk, slik at fagfolk over heile landet kan få utdanning/vidareutdanning i ASK uavhengig av personleg økonomi.

Elevar som treng ASK må sikrast retten til læremiddel tilpassa eleven sitt språklege uttrykk gjennom heile utdanningsløpet på line med blinde sin rett til lydbøker og punktskriftbøker, og døve sin rett til tilpassa læremiddel. ISAAC Norge viser til at både blinde og døve har egne sentra som er ansvarlege for å utvikle læremiddel til elevane. ISAAC Norge peikar på behovet for å greie ut kven som skal få ansvar for å utvikle læremiddel for

elevar som treng ASK. ISAAC Norge finn det naturleg at instansar innanfor Statped vert tillagt ansvaret for å utvikle læremiddel for denne elevgruppa.

Vedtak 350: ”Stortinget ber regjeringen å gjennomgå Statpedsystemet med sikte på å videreutvikle kompetansen om alternativ og/eller supplerende kommunikasjon (ASK), samt å vurdere å opprette et eller flere nasjonale kompetansesentre for ASK.” Midtlyngutvalet har ikkje gått gjennom Statpedsystemet med sikte på å vidareutvikle kompetansen på ASK, eller vurdert å opprette eit eller fleire nasjonale kompetansesenter for ASK. Dette er heller ikkje foreslått som tiltak i NOU'en. Ei styrking av ASK-kompetansen og ei samordning av tenestene er naudsynt dersom barn, unge og vaksne skal få likeverdige tenester som er tufta på faglege, kunnskapsbaserte råd. ISAAC Norge vil understreke at det må gjennomførast ei kartlegging både av Statpedsystemet og andre fagmiljø i Norge som har kompetanse på ASK, med tanke på plassering av ansvaret for slike kompetansesentra.

ASK og NOU 2009:18 Rett til læring

ISAAC Norge sendte i november 2008 brev til Midtlyngutvalget, der vi bad om konkrete forslag som sikrar retten til tilpassa og likeverdig opplæring for barn, unge og vaksne som nyttar alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Brevet ligg ved denne høyringsuttalen.

Kapittel 14

Midtlyngutvalet foreslår å erstatte Retten til spesialundervisning i opplæringslova § 5-1 med ein rett til *ekstra tilrettelegging i opplæringa*. ISAAC meiner dette forslaget vil svekke rettane til ASK-brukarane ytterlegare. Mange ASK-brukarar vil ha trong for spesialundervisning i tillegg til opplæring i og på sitt språk. For å sikre likeverdig opplæring må elevar behandlast ulikt, og dette kan svekkast ved omformuleringa. Utvalet sin hovudkonklusjon er at forbetring av dei allmenne ordningane er det viktigaste grepet for barn, unge og vaksne med spesielle behov. Vi meiner at dette kan ramme elevar som treng ulik opplæring og spesielle individuelle tiltak for å sikre utbytte av opplæringa. Vi stør NOUen sitt fokus på auka bruk av spesialpedagogar i barnehage og skule, og mindre bruk av assistentar i spesialundervisninga.

Kapittel 16

Kompetanse på ASK -feltet innanfor den Statped, er i stor grad knytt til SLV – sentra (Sentra for store og samansette læreveskar). Utvalet sitt forslag om kraftig nedbygging av SLV – sentra frå 145 til 30 stillingar på landsbasis, er på kollisjonskurs med Stortinget sitt vedtak. Det vil rasere kompetanse som er bygd opp over år, og som må vere sentral i arbeidet med kompetansebygging for betre læring for menneske som treng ASK. Ved å bygge ned Statped sitt tilbod for personar med samansette læreveskar, vil det gå ut over tilbodet til dei som treng det aller mest. Dette vil m.a. ramme ASK- brukarane hardt. I staden for å bygge ned Statped, er der trong for en styrking slik Stortingsvedtaket seier.

Det er, som tidlegare nemnt, trong for utvikling av læremiddel for denne gruppa og det er behov for opplæring og oppfølging av foreldre og pedagogisk personale i barnehagar og skular. Hørselsentra i Statped har i dag dette ansvaret for dei som er døve og dei med hørselsveskar. I Statped Sør-øst har hørselsområdet 60 fagstillingar til slik verksemd. Ei styrking av ASK-kompetansen innan Statped vil innebere noko tilsvarende.

ASK- brukarane sine behov er ikkje godt nok ivareteke i dag. Fleire instansar er i ferd med å bygge opp kompetanse og få erfaring med arbeid med ASK. Delar av SLV-m sektoren i Statped er med på dette, og nokre Habiliteringseiningar og NAV. For at ASK-brukarane skal få eit betre tilbod, trengst det kompetanse både på kommunalt, fylkeskommunalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Kapittel 13

ISAAC Norge er samd i forslaga i NOUen om at ein må setje inn tiltak i forhold til tidleg innsats, og at den som har ansvar for *ekstra tilrettelegging (Spesialundervisning)*, må ha relevant kompetanse for å møte dei utfordringane som ligg til grunn for tilrettelegginga. For ASK-brukarane inneber det kompetanse og kunnskap om ASK. Tilbodet til ASK-brukarane i dag er prega av mangel på dette. Sikring av relevant kompetanse i forhold til opplæring av ASK-brukarar inneber utarbeiding av kompetansehevingsprogram for personale i barnehage/skule og pårørande. Sjå vedlagte brev til Midtlyngutvalet.

Høyringsuttalen sett under eitt.

Der har vore fagleg usemje i utvalet, og ISAAC Norge stør Bente E. Hagtvedt sine særmerknader i Vedlegg 1, s.233 – 236. NOUen vert så allmenn at den usynleggjer behovet for kompetanse og den kompetansen som trengst for spesiell opplæring. Dette er ikkje menneske som treng ASK tent med. ASK-gruppa har kommunikasjonsvanskar, men det er ei samansett gruppe med individ i alle dei lågfrekvente gruppene som utvalet nemner – rørslevanskar, erverva hjerneskade, utviklingshemming og samansette lærevanskar, i tillegg til at nokre har sansetap. Der er lite konkret i forslaga som utvalet legg fram, som vil betre situasjonen til desse lågfrekvente gruppene. Tvert imot vert gruppene som treng det mest, usynleggjorte. Det gjeld også menneske som treng ASK.

Mandatet til utvalet inneber at dei ikkje kan gå utover noverande økonomiske ramar. Også dette rammar nettopp elevar med særskilte behov. Der har vore ei omfattande vekst i helsetenestene til barn og unge med spesielle behov. Vi meiner at nedbygginga som har vore av Statped sine tenester, og som no er foreslått redusert ytterlegare, og ingen vekst i rammene innanfor opplæringssektoren totalt, i realiteten er ei nedprioritering av opplæring for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Denne nedprioriteringa er vi usamde i.

Utvalet har ikkje teke opp spesialpedagogiske tiltak og spesialundervisning for minoritetsspråklege elevar. Minoritetsspråklege barn, unge og vaksne med særskilte behov og som treng ASK er ei gruppe, der ein treng dobbeltkompetanse for å gi dei eit godt språkleg, pedagogisk og spesialpedagogisk tilbod.

NOUen legg vekt på samordning og samarbeid. Dette støttar vi. For ASK-brukarar er dette avgjerande for eit godt tilbod. Skal ASK-brukarar oppnå funksjonell kommunikasjon på alle arenaer, er samarbeid mellom helsevesen og opplæringssektoren på ulike nivå heilt sentralt. ASK-brukarane vil ha bruk for samansette tenester, og der må vere kunnskap om ASK på alle nivå i begge sektorar.

Oppfølging av stortingsvedtaka

ISAAC Norge ber om at Kunnskapsdepartementet følgjer opp Stortingsvedtaka frå 27.mai 2009. Opplæringslova må endrast slik at ASK-brukarane får rettar likeverdige med døve. Vidare bør der setjast ned eit utval som kan utarbeide ein samla nasjonal oversikt over ASK-gruppa og behova den har, og foreta den vedtekne gjennomgangen av Statpedsystemet med sikte på å vidareutvikle kompetansen på alternativ og/eller supplerande kommunikasjon. Dette må sjåast i samanheng med kompetanse på ASK-feltet i helsevesenet, og danne grunnlaget for ei ansvarsfordeling og -plassering, og samordning av arbeidet vidare for å sikre ASK-brukarane eit godt tilbod.

Helsing ISAAC Norge

Torunn R. Borgersen
leder

Vedlegg: Brev til Utvalget for bedre læring for barn, unge og vaksne med særskilte behov; Midtlyngutvalget

Vedlegg
Til Utvalget for bedre læring for barn, unge og voksne med særskilte behov; Midtlyngutvalget

20.11.08



ISAAC Norge vender seg til Midtlyngutvalget for å sikre at situasjonen til ei ekstra sårbar og lite synleg gruppe vert gjort kjent for utvalet. Gruppa vi siktar til er dei som nyttar alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). ASK- brukarane er barn, ungdom og vaksne som uttrykker seg på andre måtar enn berre gjennom tale. Dei kan mellom anna nytte blikkpeiking, handtegn, bilde, symboltavlar og talemaskinar. Ein del vil også ha mangelfull forståing av talespråk. I Norge har truleg 0,5% av befolkningen så store språk – og kommunikasjonsvanskar at dei treng ASK. Ca. 5.400 av dei er i alderen 1-19 år.

ISAAC (International Society for Alternative and Augmentative Communication) er ein internasjonal organisasjon som har som mål å arbeide for at personar med kommunikasjonsproblem skal ha reell muligheit til å nytte alternative og supplerande kommunikasjonsformar (ASK) i kvardagen sin. Gjennom mange år har ISAAC Norge arbeidd for at alle personar med trong for å nytte ASK i kommunikasjonen sin med andre, skal bli likestilte i retten til eit alternativt og supplerande språk og å nytte sine kommunikasjonsformar. Dette er nødvendig dersom ASK-brukarane skal bli inkludert og få eit godt liv likeverdig med andre.

ASK-brukarar er i dag ikkje sikra rett til opplæring i og på sitt språk gjennom lovverket. Dei har parallelle behov med døve og hørselshemma som gjennom lovverket er sikra rett til tegnspråk. Retten til tegnspråk stiller og krav til at undervisning vert gjeve av personar med tegnspråkkompetanse. Det er naudsynt med ei endring i opplæringslova, slik at retten til opplæring i og på ASK vert lovfesta for alle som etter sakkunnig vurdering har trong for dette. Foreldre og andre nærpersonar må få opplæring i ASK for å kunne kommunisere med barna sine. Deira rett til opplæring i ASK må sikrast gjennom lovverket på lik line med retten som familiane til tegnspråkbrukarar har.

Ein lovfesta rett til ASK som språk vil krevje at undervisningspersonale i barnehage og skule har tilstrekkeleg kunnskap om og innsikt i ASK som språk. ASK må inn i fagplanar på høgskule og universitetsutdanningar slik at ASK-brukarar på sikt får tilgang på kompetente lærarar. Dei må og sikrast tilpassa og naudsynt undervisningsmateriell, og hjelpemiddel som gjer dei i stand til å kommunisere med omgjevnadane. Alt dette er ein føresetnad for livskvalitet og deltaking og for å få ei likeverdig og tilpassa opplæring.

Situasjonen til ASK-brukarar i Norge i dag er prega av at dei har store avgrensingar i kommunikasjonen sin, fordi kvardagen er lite tilrettelagt. Der er store barrierar som hemmar barna sine muligheiter til deltaking og eit likeverdig liv. Barn som pga. funksjonshemming ikkje har tale som hovudkommunikasjonsforma si, får ikkje sett i gang tiltak på det tidspunkt som andre barn utviklar talespråket sitt. Tiltak knytt til å gje barnet tilgang til eit alternativt og supplerande språk, kjem ofte ikkje i gang før barnet er fleire år gammalt. Kommunane tek ofte ikkje ansvar for å skaffe ASK-kompetente førskulelærarar og lærarar, eller tilpassa undervisningsmateriell. Store kommunikasjonsvanskar påverkar barnet si utvikling på alle livsområde, ikkje minst den kognitive utviklinga.

Ny teknologi, ny kunnskap og nye symbolsystem gir auka muligheiter for mange med store kommunikasjonsvanskar til å kommunisere. Dei treng opplæring i språket sitt og kommunikasjonsformane sine, og undervisningsmateriell tilrettelagt for dei. I dag er det tilfeldig om dei får dette. Familiar får ofte heller ikkje kjennskap til kva muligheiter barnet har til å kommunisere på alternative måtar, og dei får ikkje undervisning i og kunnskap om ASK. Svært mange stader er der liten eller ingen kunnskap i barnehage og skule om korleis stimulere, leggje til rette for og gi opplæring i og på barnet sitt språk. Skifte av arena og

overgongar frå barnehage til skule, frå grunnskule til vidaregåande og frå vidaregåande til arbeid fører i mange tilfelle også med seg at personen sin etablerte måte å kommunisere på ikkje kan nyttast, fordi nye nærpersonar manglar kompetanse. Manglande kompetanse i hjelpeapparatet er ein stor barriere for ASK-brukarane sine muligheiter til å få og utvikle eit alternativt språk.

I samband med utviding av retten til tegnspråkopplæring i grunnskulen, §2-6 i opplæringslova, uttalte Kirke-, undervisnings- og forskningskomiteen at den er oppteken av at elevar som skal ha ASK vert sikra gode rettigheter i opplæringslova, og at dei ville kome tilbake til dette i samband med behandlinga av Stortingsmelding 23. I nemnte Stortingsmelding ("Språk bygger broer"), vart ikkje ASK-brukarane nemnt. Grunngevinga for dette er at alternativ - og supplerande kommunikasjon vert sett på som spesialundervisning, og derfor ikkje skulle bli omtalt i St.meldinga. Under Stortinget si behandling av meldinga foreslo Fremskrittspartiet, Høyre, Kristeleg Folkeparti og Venstre følgjande: «Stortinget ber Regjeringen foreslå endring i opplæringsloven slik at elevar som treng utvikling i talespråk, tegnspråk, alternativ kommunikasjon, supplerende kommunikasjon, eller en kombinasjon av disse, sikres like rettigheter i lovverket.» Dette forslaget blei med 55 mot 49 stemmer ikkje bifalt. Deretter gjorde Stortinget følgjande samrøystes vedtak: "Stortinget ber Regjeringen komme tilbake med forslag til tiltak slik at elevar som treng utvikling i talespråk, tegnspråk, alternativ kommunikasjon, supplerende kommunikasjon, eller en kombinasjon av disse, får innfridd sine rettigheter etter lovverket".

ISAAC Norge er svært nøgd med at det no er politisk vilje til at personar som nyttar ASK skal få sikra rettane sine. Vi ser likevel ut frå ordsiftet kring meldinga at svært mange strevar med å forstå at der i tillegg til menneske som nyttar tale og døve som nyttar tegnspråk, også finst ei gruppe menneske som nyttar alternative og supplerande former for kommunikasjon. Vi ber derfor Midtlyngutvalet i si innstilling om å kome med konkrete forslag som sikrar retten til tilpassa og likeverdig opplæring for barn, unge og vaksne som treng ASK. Vi vil presisere at retten til språk og retten til spesialundervisning er to ulike ting, og at vi ikkje kan sjå at opplæringslova med retten til spesialundervisning er tilstrekkeleg for å sikre at ASK-brukarar får den språklege og kommunikative utviklinga dei treng. ASK-brukarane må få lovfesta rett til opplæring i og bruk av ASK. Inkludering, likeverd og meistring inneber for kvart individ at han/ho kan delta aktivt. Dersom ein ikkje kan kommunisere med andre, er dette ikkje muleg.

Fagmiljøa i Norge som arbeider med ASK, både innanfor Habilitering, Statped og universitetsmiljø, er samde om at lovfesting av rettane til ASK-brukarar er avgjerande for å betre situasjonen. FN-konvensjonen om menneskerettigheter for funksjonshemmede, som Norge har skrivne under på, sikrar og rettane til ASK-brukarar. (M.a. gjennom definisjonen av kommunikasjon i artikkel 2, om ytringsfrihet, meningsfrihet og tilgang på informasjon i artikkel 21 og om utdanning i artikkel 24). Norge har som mål å ratifisere avtalen i 2010, og vi meiner ASK-brukarar då må ha lovfesta rett til kommunikasjon og opplæring i sine kommunikasjonsmåtar om dette skal la seg gjere.

Vi har tru på at Midtlyngutvalet vil foreslå konkrete verkemiddel for at barn, unge og vaksne som nyttar ASK skal få betre hjelp gjennom ei tilpassa og likeverdig opplæring. Dersom medlemmene i utvalet ønskjer meir informasjon om temaet, vil vi meir enn gjerne bidra til dette, anten gjennom møte, eller ved å sende meir informasjonsmateriell.

Helsing ISAAC Norge

Rettighetsgruppa

Sylvi Storvik, sylvi.storvik@rikshospitalet.no

Tone Mjøen, Tone.Mjoen@siv.no

Jenny S. Hysing, jenny.sorterup.hysing@statped.no